



Koret syng i kyrkja før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vårkonsert 19. mars i Helgheim, innspeling av CD og tur til Italia, er det som står på programmet til blandakoret *Røyserett for alle* dette semesteret.**

På vårkonserten vil koret dele med publikum, noko av musikken som skal vere med på innspelinga og som også skal presenterast på konsertar i Italia.

Dette er eit utval av songane koret har øvd inn dei siste 4-5 åra, mellom anna av Odd Nordstoga og Vamp, samt nokre favorittar frå tidlegare repertoar. Blant desse er både folketonar og renessansemusikk.

*Røyserett for alle* hadde for 3 år sidan ein jubileumskonsert "Frå låvedør til Liverpool". Beatles-låtane som der blei presenterte vart særskild populære hos publikum. Fleire kormedlemar har framleis desse blant sine favorittar, så Beatles blir det også på vårkonserten.

Tiril Eirunn Einarsdotter, 13 år, vil syngje og spele fiolin og Einar Steinkopf spele gitar. Dei vil saman ha ein avdeling under konserten.

På vårkonserten vert også muskarane Lars Storegjerde, Jan Arthur Kalsås og Ove Eikemo med.

Maria Malmsten er framleis koret sin inspirerande dirigent.

Røyserett for alle ønskjer velkomen til konsert !

Av Møyfrid Kristoffersen